

## Månadsbrev juni 2024



Mai har gått fort med alle fridagane, og "Dyrene i Hakkebakkeskogen"-førestillinga var fantastisk. Me er heldige som har så flinke ungdomsskuleelevar som tør å både synga, dansa og spela skodespel. Takk til Hilde, Gunn Iren og Janne Britt for ansvar for initiativ og øving, kulissar og kostyme. Gjennomføringa av skriftleg eksamen for 10. klasse gjekk godt, og både SFO og 1.-4. klasse har hatt fine dagar saman med elevane på Tonstad skule. Og så langt kosar 10. klasse seg i Bulgaria, og det fortset dei nok med.

Juni blir ein travel månad, med tur for 8. og 9. til Håhellervatn 4. juni der dei skal vera saman med elevar frå nabokommunane på temadag om villrein, onsdag 5. skal femåringane på innskrivingsdag og 8.-10. på fotballgolf på føremiddagen på Kvæven, før 3.-4. klasse skal sjekka Lunde kyrke 6. juni. Fredag 7. juni vert det morgonsamling med m.a. glimt frå året som har gått og avslutningsturen til 10. klasse.

Det går slag i slag, for allereie tysdag 11. juni reiser heile skulen til Jærmuseet/Kviagarden før me skal sjå "Matilda" på Rogaland teater om kvelden. Det blir kjekt, og seint heim. Neste dag allereie, onsdag, skal SFO på sommaravslutning med Tonstad SFO, og så blir det overnattingstur for alle torsdag og fredag nær Duge. Det kjem meir informasjon, men hugs at om dei som går i 1. klasse vil overnatta, må dei ha med ein forelder (eller låna ein...)!



Dermed har me berre fire dagar att, og veka startar med at 10. klasse får vita kva dei kjem opp i til munnleg eksamen. Sjølv dagen er onsdag 19., men det er obligatorisk oppmøte tysdagen, og det kan vera lurt å bli verande for å få støtte og rettleiing av læraren på måndag òg. Same dag, dvs. 19. juni, er det avslutningsfest for 10. klasse om kvelden, og dei har ansvar for siste skuledag på Tjørhom på torsdag. Lærarane har lagt seg i hardtrening før fotballkampen...

Hugs onsdagsskule for 1.-4. klasse 19. juni!



Med nyskje om ein strålende sommar og flott sommarferie!

Sinnes 03.06.24  
Åse-Berit (rektor)